

Sju nye aspirantar igang med øvingane

19.08.2009



- Imponerande, der i garden nølar dei sanneleg ikkje!

Det sa rektor Vidar Haugland til uskedalen.no då han i dag (onsdag) fekk høyra at første øving for dei nye aspirantane i skulekorpsset var i ferd med å bli avvikla - på sjølvaste skulestart-dagen.

Dei nye aspirantane gjekk i skytteltrafikk mellom klasserommet og øvingsrommet og dirigent og lærar Anders Christensen gav dei den første, spanande innføring i musikkens mysterier.

Nokre av aspirantane hadde nok forresten øvd seg litt før, for det var imponerande kor mykje lyd fleire av dei fekk ut av instrumenta!

- Vi har sju aspirantar denne hausten og det er vi svært godt fornøgde med. Det er faktisk ein meir enn dei som møtte fram på informasjonsmøtet i vår, fortalte Torunn Døssland.
Ho tok godt imot dei nye saman med Monica Storevik og læraren.

Også i fjor hadde dei sju aspirantar og Torunn trur det er grunn til å venta ein viss auke i talet på musikarar i korpset om eitt år. Det er i alle fall ikkje mange som sluttar for tida og gledeleg er det.
Korpset har forresten den første øvinga si neste tysdag.

På biletet over over Anders saman med Harald Myklebust Lekva, Sindre Ulebust Feet og Sunniva Ersland Myklebust..

Kvartetten under er Anne Zofia Fonn, Stine Soldal, Emilie Bringedal og Mia Storevik Myklebust.
Dei sju aspirantane er delt i tre grupper.

Av Ola Matti Mathisen

